



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 03.05.2016
Møtestad: Konferansesalen
Møtetid: 10:30 - 11:50

Møtet vart halde i samanheng med møte i formannskapet.

| Frammøtte medlemmer | Parti | Rolle | Merknad |
|-----------------------|-------|------------|---------|
| Tom Kristian Thorsen | SO | Utvalseiar | |
| Kristin Nåmdal | SA | Medlem | |
| Linda Neset | SO | Medlem | |
| Ann-Jorunn Farestveit | SO | Medlem | |
| Kjetil Eikefet | SA | Medlem | |

| Frå administrasjonen: | Funksjon: | Rolle | Merknad |
|-----------------------|-----------|----------------|--------------------|
| Inge Kårevik | rådgjevar | | Under sak 007/2016 |
| Øivind Olsnes | Rådmann | Administrasjon | |

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|----------|--|
| 005/2016 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 006/2016 | Godkjenning av møtebok |
| 007/2016 | Gjennomgang av vedtekter for kommunalt Næringsfond |
| 008/2016 | Søknad om tilskot til traktor og fronlessar |

Notat frå møtet:

005/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

006/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

007/2016: Gjennomgang av vedtekter for kommunalt Næringsfond

Behandling:
Inge Kårevik orienterte om gjeldande vedtekter og retningsliner for næringsfondet, praksis ved handsaming av søknader, delegasjon samt framlegg til nye vedtekter. Rundskriv H-1/11 frå KRD vart delt ut i møtet.

Vidare prosess for evaluering av vedtekter for næringsfond og tilskotsordningar til landbruk vart drøfta. Fondsstyret ønskjer at eksterne aktørar, som organisasjonar/verksemder, vert invitert til å koma med innspel i arbeidet.

Samrøystes

Vedtak:
Rådmannen vert beden om å førebu ei organisering av arbeidet med evaluering og revisjon av fondsvedtektene i løpet av hausten 2016. Medlemer av fondsstyret kan delta i ei arbeidsgruppe.

008/2016: Søknad om tilskot til traktor og fronlessar

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:

Frank Stian Steinsland, får eit tilskot på 20% av kostnaden avgrensa til kr 109 000,- til kjøp av traktor og frontlastar. Samla kjøpesum er kr 545000,-

Vilkår for utbetaling:

Lån og tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsfører.

Lån og tilskot kan krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Tilsegna står ved lag i eitt år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Dekning: Næringsfondet
